



Fagforeiningsformann og verksdirektør Stein A. Ytterdahl hadde god dialog. I 1991 var dei urolege for situasjonen ved Sauda smelteverk grunna låg etterspørsel som resulterte i permiteringar.

Foto: Pål Christensen / Stavanger Aftenblad

JAN RINGSTRAND

Folkeleg sosialist og anti-pamp

LARS OLAV FATLAND

INNLEIING

Denne artikkelen skal handla om Jan Ringstrand i Sauda. Frå slutten av 1960-talet var han ein markant tillitsvald ved Sauda Smelteverk. Han var ein av dei unge som då utgjorde eit linjeskift innan arbeidet i Sauda fabrikkarbeiderforening; frå eit systemtruge regime trygt forankra i Ap til eit meir kritisk og saksorientert som politisk orienterte seg meir til venstre på den politiske skalaen.

Ein må leggja mange ingrediensar i potten om ein ønskjer å fanga personen Jan Ringstrand. Då handlar det om ein miks der idrettsmannen, sportsfiskaren, smelteverksarbeidaren, den tillitsvalde og politikaren må vera med. I tillegg kjem posisjonen som familiemann og kulturinteressert saudabu.

Det er sterke band som knyter Jan Ringstrand til Sauda. Han er fødd på Stord, men det er på industristaden inst i Saudafjorden han har levd og arbeidd heile livet. Som få andre har han følgd utviklinga nært og tett gjennom etterkrigstida og fram til no, har kjent den særprega pulsen som slår inst i fjorden og har levd saman med den. Gjennom nesten alle år har smelteverket vore arbeidsarena og utgangspunkt for samfunnsanalysen og innsatsen hans.

Den 74-årige pensjonisten kan no sjå tilbake på levd liv i ettertanken sitt lys; på glade barneår i Åbøbyen, på ungdommeleg og entusiastisk deltaking på Det Nye Folkets Hus sine tilstellingar, på aktive idrettsår, og ikkje minst på arbeid og engasjement knytt til smelteverket i Sauda.

Det låg nærast nedfelt alt i dei første utdelte korta, kva retning livet til Jan Ringstrand kunne koma til å ta. At det skulle bli forankra i industri og radikalt politisk engasjement, burde såleis ikkje vera noka stor bombe.

Han blei fødd inn i ein familie med sterke anleggstradisjonar. Bestefaren, Emil Johan Ringstrøm, var svensk og kom derifrå til Rjukan og anleggsarbeid der. På Rjukan møtte han kona si, Åste frå Vallebo i Telemark, og der blei Jan sin far, Einar Johan, fødd. Eitt av særprega for anleggslivet var å flytta til nye stader i takt med jobbane som baud seg. For Emil Johan og Åste blei neste stopp Sunndalsøra og utbygginga der. På Sunnmøre opplevde Emil å bli møtt med negative haldningar. Det hang kanskje saman med at svenske rallarar ofte hadde radikalt politisk tankegods med seg i porteføljen, noko som ofte førte til uro.

Mest var det vel likevel dette at utlendingar kom og tok lokale arbeidsplassar, som oppørte. Dette resulterte i at Ringstrøm fornorska namnet sitt til Ringstrand, som var det han kalla seg då han kom til Sauda i 1918 og som han blei heitande vidare. Besteforeldra si vidare søge handlar om at Åste døydde i 1924, og at Emil Johan gifte seg på nytt og flytte til Haugesund med dei to borna. Då han sidan skilde seg, reiste han til sjøs og flytte seinare tilbake til Sverige der han døydde.

Einar Johan og søstera følgde med faren til Haugesund, men

Åbøbyen og Parkveien 94

Det er ein oppegående og engasjert pensjonist som lukkar meg inn i det gulmåla huset i Parkveien. Her har han budd sidan midt på 1980-talet. Tidlegare budde familien i ei større vertikaldelt leilighet annan stad i Åbøbyen. Då borna flytta ut, blei husværet for stort for Jan og Liv. I staden kjøpte dei huset i Parkveien då fabrikkelskapet selde ut husa sine til private. Der budde dei i andre etasje medan første blei pussa opp, og flytta så ned då oppussingsarbeidet var ferdig. Her planla dei å leva gode



flytte seinare tilbake til Sauda. Der vaks han opp hos familien Sødergren som han var i slekt med. Dette var ein familie med stor samfunnsinteresse og sterkt politisk engasjement med både sosialdemokratlar og kommunistar mellom medlemmene. Sjølvsgat påverka dette også Einar Johan, og litt lenger fram i tid nedfelte det seg som ein del av Jan sin politiske bagasje.

pensjonistdagar. Men det skulle ikkje gå som dei hadde tenkt. Liv blei sjuk og døydde etter kort tid i 2008. Slik Jan ordlegg seg, kjem det tydeleg fram at han saknar kona. Men han innsåg snøgt at livet uansett lyt gå vidare. Han er typen som tek tak, på den måten makta han å vera konstruktiv, let seg ikkje tyngja nedåt; lagar middag kvar dag. Jan greip fatt i dei kvardagslege

gjeremåla som melde seg. Og så er han ikkje åleine. Dei fire borna hans bur med familieane sine i nærområdet, og dei stikk innom rett som det er. No bur Jan i første etasje medan eitt barnebarn residerer i andre høgda. Det opplevest som at Parkveien 94 med Jan som sjef er naturleg samlingsplass for storfamilien.

Jan Ringstrand har budd heile livet i Åbøbyen, men på ulike stader. Den særprega bydelen som E.F.P.CO. bygde i forlenging



Hyttekos med nær familie. (Eigar Jan Ringstrand).

av fabrikketableringa på Klubben i Søndenaåhamn, har på ein måte blitt hans rike. Han har inngående kunnskap om dei arkitektteikna husa i det som lokalt også går under namnet amerikabyen, han kjenner og veit om storparten av dei menneska som har levd liva sine i desse gatene fram gjennom åra. Svært få har i dag større innsikt i Åbøbyen si søge enn Jan Ringstrand. Så er det og han mange vender seg til når det melder seg spørsmål om hus og folk.

Husa som ligg plasserte i området frå stadion og oppover mot Brekke-plataet, utgjer ein bydel inspirert av amerikansk små-

byplanlegging. To hovudgater strekkjer seg snorbeine oppover og blir komplettert av eit veg- og gatenett som ligg tilnærma vinkelrett på hovudgatene, og i sum dannar dette eit byprega og særmerkt buområde. Som ein lekk i den moderniseringa som følgde industrialiseringsfasen i Sauda, vaks det her fram bumiljø i Åbøbyen som var svært moderne og komfortabelt i samanlikning med det som elles var vanleg standard på den tid. Det var slett ikkje vanleg då å ha vassklosett og bad og innlagt varmt og kaldt vatn. Men det hadde dei i Åbøbyen.



Jan ved roret. Hytta var familien sitt ferieparadis. Det hende dei var der sommarferien til endes. (Eigar: Jan Ringstrand).

I dag bur Jan i det som sorterer under øvre Åbøbyen. Husa som ligg frå stadion og opp mot Sneaths park høyrer med til den nedre bydelen. Både nedre og øvre Åbøbyen utgjer det som høyrer med til det klassiske arbeidarstrøket. Funksjonærane og direktørskiktet ved fabrikkens residerte i boligane oppunder Brekke-plataet. Desse husa var større og betre utstyrte enn dei husværa vanlege arbeidsfolk budde i, og dei låg lenger borte frå tjukk fabrikkkrøyk. Det klasseskiljet som vaks fram under industrialiseringa, og som kom til å prega saudasamfunnet i lang tid, var såleis fysisk synleg gjennom bustadmønsteret i Åbøbyen.

Klasseskiljet i barndommens rike

Dette klasseskiljet var ikkje tydeleg og tyngjande for unge Jan Ringstrand. Dei vaksne kunne oppleva dei store forskjellane i livsvilkår som urettferdige og vanskelege å akseptera. Men i stor grad avgrensa dette seg til å vera eit vaksenproblem. I det daglege barnelivet eksisterte ikkje slike skilje. Det var først i ungdomsåra og i vaksen alder at dei for alvor blei bevisstgjorde på det eksisterande klasseskiljet, og som mange av dei då sette tid og krefter inn for å fjerna og kjempa mot. Likevel hugsar han episodar som aktualiserte temaet, som då ein nabogut blei kledd opp av mora for å gå på juletreffesten på Klubben der berre dei "fine" slapp inn. Guten blei stoppa i døra og sendt heim att då arrangørane fekk vita kor faren arbeidde. Han kom slukøyra tilbake, og mora hissa seg opp over slik behandling. Men hendinga gjorde ikkje sterkt inntrykk på dei andre gutane og livet deira. Sjølv sagt kunne klasseskilje problematikken bryta seg fram til overflata og liggja under somt av det gutane fann på, og kanskje særleg dei gongene dei fekk høve til å kunna spela dei "fine" eit puss; slik som med brødet til kontorsjef Ellefsrød, ei hending som også Jan Ringstrand var med på. Kontorsjefen hadde ein avtale med nærbutikken om å hengja nysteikt brød fast i dørklinka på butikken slik at det kunne hentast på ukurante tider. Dette kjende Jan og gjengen til. I ei tid då det var langt mellom godbitane og skort på mange varer, blei det varme og godluktande brødet ei for stor freisting for gutane. Etter stengt tid sneik dei seg fram til ytterdøra på butikken og åt ut innmaten på det ferske brødet så berre skorpeskalet hang att. Dette hende fleire gonger og skapte stor oppstandelse i bydelen. Kontorsjefen hadde viktig posisjon i lokalsamfunnet og var kjent som ein temperamentsfull mann, difor greip foreldra til gutane inn. Dei hadde stor respekt for autoritetane, noko gutane mangla, og fekk slutt på den spennande og ulovlege aktiviteten.

Dei grønne lungene

Det budde mykje folk i Åbøbyen. Store barneflokkar tok gatene, dei grønne lungene og nærområdet i bruk i utforskande leik. Ringstrand fortel med glød og varme om denne tida. Kvardagane var fylte med stor aktivitet. Det var ikkje så sjølv sagt då at vaksne organiserte og la til rette for barneaktivitetar. Borna var i stor grad overletne til seg sjølve, måtte ta initiativ og skapa innhaldet i leiken. På den måten blei skapartrong og kreativitet utfordra på naturleg måte. Jan Ringstrand skildrar dette som ein herleg fase i livet.

Mellom gutane stod idrettsaktivitetar i høgsetet, og det kom til å dreia seg mykje om fotball og ski. Stadion var for dei vaksne. Gutane måtte sjølve finna stadene der dei kunne trenast og spela kampane sine. I Åbøbyen var det kring 1950 framleis mange grønne område som ikkje var utbygde. Desse blei fotballøkkene som unggutane tok i bruk. Der trente borna åleine. Ein var endå ikkje komen dit at vaksne rettleidde og trente born. Jan Ringstrand fortel at det var først då han blei juniorspelar, han kom med i organisert trening.

Om vintrane dreidde det seg mykje om skihopping. Gutane frå Åbøbyen dreiv lite med langrenn, det hadde nok noko med manglande utstyr å gjera, men truleg mest med interesser og det som låg best til rette. Ut frå dette vaks det fram ein hoppkultur. Gutane måtte sjølve laga seg hopp, måtte preparera og klårgjera for hopping i små og større bakkar. Hoppa laga dei der det låg til rette for det i nærområdet. Etter kvart blei målet for mange å hoppa i Halvdalarteigen der dei lengste hoppa blei målte til om lag 30 m, og i Brattekammen der dei beste landa på 55-60 m. Innimellom reiste dei til Hyttebakken i Odda.

Elles utfalda borna seg i mangfaldig leik i bydelsområdet og ikkje minst langs Storelva som rann i utkanten av Åbøbyen på veg mot Saudafjorden. Elvar og vatn har alltid vore som mag-

netar for born og vore basis for leik og moro; slik også her. Det skogkledde området som strekkjer seg oppover mot Brekke og Rød-platået langs elvekanten, gav rik utfolding for fantasifull leik.

Felleskap og solidaritet

Livet i bydelen risla born og vaksne saman i eit mangslunge fellesskap. Samhald og solidaritet var sjølvsgde kvardagsverdiar. Mange som hadde flytta til bygda i samband med industrireisinga, budde i Åbøbyen. Dette skapte eit kulturelt mangfald og spegla seg i språk og dialektar. Det vaks fram ein lokal dialektvariant her, bygt på ein variert miks utanfrå og på den gamle Sauda-dialekten. Resultatet blei det som Kjartan Fløgstad i nyare tid har formulert som ferrolegeringsnynorsk og som også særpregar talemålet som blir brukt i Sauda i dag.

Det kunne rå ein litt røff omgangstone mellom folka som levde i Åbøbyen, merkt av miljøet i varme smeltehallar på fabrikk. Slik kunne den hjartevarmen som dulpa på botnen hos desse menneska, lett bli kamuflert. Dette kan vera ein del av bakgrunnen for at også gutane som budde her, av utanforståande blei oppfatta som frekke og tøffe. Born frå andre delar av bygda grudde seg ofte for å gå åleine gjennom Åbøbyen, var redde for bank og frekke kommentarar. Fekk dei det til, hyrte dei nokon til å sykla seg gjennom bydelen, fortel somme i dag. Andre kvidde seg i lang tid når dei blei innkalla til skuletannlegen som hadde kontoret sitt på Fløgstad skule. Jan Ringstrand forstår godt i dag at andre kunne oppleva det slik. Gutane i Åbøbyen opererte alltid i lag. Dei gjekk aldri åleine på kino, var mange saman når dei feira 1. mai på Det Nye Folkets Hus. Slik var det også dei vanlege kvardagane heime i gatene. Dei levde i eit tett og nært fellesskap, og når nokon utanfrå nærma seg, markerte dei nok at dette var deira område. Slik kunne det inntrykket festa seg at det her dreidde seg om ein felles front mot nokre få.

Jan Ringstrand underslår ikkje at det nok fanst dei som kunne vera storkjefte og bøllete mellom gutane i bydelen. Men han meiner dette ikkje kan meislast som generell sanning, men at det heller dreier seg om ein image som med tida blei forsterka og som ikkje heilt var i pakt med den reelle situasjonen. Han peikar på at oppfatninga av tøffe åbøbyengutar nok og kunne få næring gjennom lokale feidar mellom gjengar frå øvre og nedre Åbøbyen. Om haustane når kastanjenøttene var mogne, samla gutane seg store lager og kriga mot kvarandre med nøttene som ammunisjon. I utgangspunktet var dette harmlaus moro, men det kunne utarta seg til meir alvor der det stundom flaut blod. Til vanleg hadde gjengane sine definerte badekulpar og leikeområde langs elva. Det spissa seg skikkeleg til når nokon stundom tok seg inn på ”dei andre” sin arena. Då kunne det utvikla seg til ”slag”.

Samnemnaren var likevel samhald og solidaritet. Borna som vaks opp i Åbøbyen, var rotfaste i arbeidarkulturen. For dei var det større stas med 1. mai enn den 17. Til 1. mai fekk borna nye klede. Arbeidarane sin dag var den store festdagen som dei deltok i med stor glede. 17. mai blei meir eit pliktlop. Fellesnemnaren for dei fleste av borna var at fedrane jobba på smelteverket, at mange var kommunistar og at alle var organiserte i Sauda fabrikk-arbeiderforening. Dette var ein sentral del av plattformen dei møtte det vidare livet ut frå.

Under samtalen sveiper me innom religion og dveler ved dei dramatiske konsekvensane det kan føra til når statleg styring rettar seg etter religiøse lover. Sjølv har Jan eit avslappa forhold til religiøse tema, slik han var van med heimanfrå. Men han gjekk på Salem av og til som gut, følgde ein kamerat som budde i nabolaget og som var ein ivrig gjest på søndagsskolen. For sin eigen del trur Jan no at det var mest det å få stjerner på arket, som drog han med.

Skule og utdanning

Barneskulen gjennomførte Jan på Fløgstad skule. Han hadde såleis kort skuleveg og fortel at skulen var ein grei plass å vera, og at han opplevde Fløgstad som ein god skule. Men han minnest nokre tøffe episodar. Rektor var sosialdemokrat og hadde intensjon om å vera rettferdig. Dette klarte han berre så måteleg, og det hende han premierte dei med "fine" foreldre, særleg jentene. Ein gong opplevde Jan Ringstrand dette på kroppen. Hendinga handla om geografibøker som nokre elevar hadde gløymt heime. Den eine jenta som det galdt, blei behandla lempeleg og med formaning om at det ikkje måtte skje oftare. Men Jan slapp ikkje så lett. Han fekk ein nakkelusing og streng beskjed om å springa heim etter boka. Dette fortalde han heime der faren blei fykande galen; ikkje så mykje over at guten hadde fått eit nakkadrag, men meir over den forskjellsbehand-

linga sonen blei utsett for, og han insisterte på å vera med tilbake og ta rektor i skule. Men ved hjelp av Jan sine tårer og mora sitt innstendige råd slo han det frå seg og roa ned.

Etter barneskulen følgde eit svært godt år på framhaldsskulen. Ringstrand skryter av dyktige lærarar, og framhevar særleg undervisninga i smia. Ho peika framover mot seinare deltaking i yrkeslivet.

Jan Ringstrand stikk ikkje under stol at han var lite interessert i skule og lekser. Han las lite. Det som talde mest, var raskt å kunna koma seg i arbeid. To år på yrkesskulen i Saudasjøen blei viktige steg mot nett det. Det første dreidde seg om jern og metall, det andre om elektro. Så langt komen, var han rigga for å tre inn på yrkesarenaen.



Frøken Christensen med klassen sin på Fløgstad skule. Jan Ringstrand nummer to frå høgre i bakerste rekke. (Eigar: Jan Ringstrand).

Inn i yrkeslivet

Som 16-åring fekk han bodjobb på smelteverket. I 1959 blei situasjonen slik på fabrikkjen at dei trong fleire folk, og det førte til at dei det året også tok inn 17-åringar. Løna var 1.80 kr/timen. Jan kom i ein skvis om kva han skulle velja. Det opna seg høve til jobb på "Vindafjord" som gjekk til Takoradi i Afrika. Han hadde god lyst å slå til på det, men så fekk han på same tid tilbod om fast jobb på fabrikkjen. Kva skulle han velja? Det heile blei avgjort gjennom ein kort prat med Rolfsen på arbeidskontoret. Ein dag då Jan skulle sykla til familiehytta på Ås, blei han stoppa av Rolfsen utanfor kontoret hans på kaien. Om han var interessert i jobb? Jan svara bekreftande på det, og det kjappe "jobbintervjuet" resulterte i at ungguten fekk fast tilsetjing med beskjed om å begynna på måndag. Samstundes blei han då linka til den arbeidsstaden han skulle koma til å operera på i alle år fram til 1998. Det var såleis skjelsetjande og godt nytt ungguten kunne dela med foreldra då han nådde fram til hytta etter den drygt milelange sykkelturen frå Sauda.

I 1962 blei Jan Ringstrand kalla inn til 18 månaders militærte-neste i marinen på Madla. Tida der nytta han mellom anna til å ta skipslektrikarskulen i Horten, og gjorde etter det teneste som skipslektrikar om bord på ein destroyer. Etter fullført te-neste var han på nippet til å reisa ut som skipslektrikar på dispensasjon på ein av Westfal Larsen sine båtar. Nett då var det turbulente og usikre tider på fabrikkjen som etterdønningar etter streiken i 1962. Men dette snudde raskt og førte til at dei starta med å ta inn nye folk att. Og då vende også Ringstrand nasen heimover for godt.

Politisk utvikling

Jan Ringstrand blei fødd inn i ein familie med sterkt politisk engasjement. Dei fleste hadde forankring på den politiske venst-resida. Det blei såleis naturleg for Jan at han og fann ståstaden sin der. Men det tok litt tid før han bestemte seg for den po-litiske båsen han ville linka seg til, eller om han i det heile ville puttast i bås. Majoriteten av arbeidarane i Sauda var sosial-demokratlar og stemde Ap. Mange av ungdomskameratane som Ringstrand vanka med, hørde og til der. Difor blei det naturleg at Jan blei med på AUF-møte denne tida. Der treivst han godt, men han blei aldri medlem. Då venstreopposisjonen i Ap skilde seg ut i 1961 og danna SF, følgde Jan Ringstrand interessert med på det. Han hadde sans for Finn Gustavsen, og i den tida plasserte han seg på ei slags SF-line. Men det var først då ung-domsorganisasjonen, SUF, blei etablert og vann terreng mellom engasjerte ungdommar, at han fann den politiske plattformen han vidare kom til å navigera ut frå. Etter kvart blei han medlem av SUF, og let seg riva med av profilerte aktørar som Pål Steigan, Jon Michelet, Trond Øgrim, Sigurd Allern med fleire. Han hadde kameratar i Sauda som også blei medlemmer. Den mest lokalt profilerte i organisasjonen blei Kjell Pettersen, opphavleg stavangergut, og som i utgangspunktet var SF-ar. Avgjerande for Jan Ringstrand sitt standpunkt var det som skjedde i Hellas gjennom kupp og junta-politikk, og ikkje minst Sovjetunionen sin innmarsj i Tsjekkoslovakia i 1968 der dei stansa den pågåande demokratiseringsprosessen. I den striden stilte SUF og Jan Ringstrand seg på folkeopprøret og Alexander Dubcek si line i større grad enn SF gjorde det. Så kom Vietnam-krigen og blei den store vekkjaren som førte til radikaliserings- og dreiv mange over til den politiske venstresida. Mellom SF og SUF til-spissa det seg ideologisk, og tilhøvet enda i brot og danninga av AKP-ml. Dette partiet slo inn på ei meir revolusjonær line som forfekta væpna revolusjon; som knytte seg til den politiske ut-viklinga i Albania, som hylla Mao Tse Tung og vegvala hans og som støtta Pol Pot sine grufulle eksperiment i Kambodsja.

Som erklært marxist var også Jan Ringstrand med på denne politiske reisa eit stykke på veg. Men han vedgår i dag at han nok ikkje såg klårt nok det som skjedde og kva for konsekvensar den totalitære politikken i dei nemnde landa skulle få. I dag tar han sterk avstand, og beklagar at ikkje tidlegare toppleiarar i AKP-mil tydlegare maktar å ta avstand frå dei politiske kollapsane det her er snakk om og kan ta eit skikkeleg oppgjer med denne epoken. For Jan Ringstrand er det heilt utenkjeleg i dag å snakka om og å gå inn for væpna revolusjon. Samfunnsendingane bør koma gjennom demokratiske prosessar. No er han ikkje medlem av noko politisk parti. Eit partimedlemskap fører ofte med seg at ein i ulike samanhengar må forsvare standpunkt som ein kanskje ikkje i eitt og alt er einig i, og den situasjonen likar han ikkje. Han definerer framleis ståstaden sin til den politiske venstresida. Det er der han høyrer til. Han kallar seg sosialist. Det er eit meiningsfullt og dekkande omgrep for han og som står seg gjennom skiftande tider. "Eg er mindre firkanta i dag," seier han med eit smil. Det fører mellom anna til at han stemmer litt ulikt frå gong til gong no alt etter kva for saker og personar som er på dagsorden. Såleis har han stemt både Rødt og SV; og Ap lokalt. Endå om han nok står nærare Ap i dag enn for 40 år sidan, kjenner han seg ikkje heilt heime i sosialdemokratiet. Der har partiboka i for sterk grad vore døropnaren inn til posisjonar, særleg innan fagpolitiske felt, og det har skapt eit sterkt system som lett avgrensar handlingsrommet for den ein-skilde. Det har ikkje Jan Ringstrand sans for. Han trivst betre i ein friare rolle der han kan ta opp dei sakene han finn viktige og nødvendige. Det kom då og til å vera fundamentet for fagfor-einingsarbeidet han skulle gå inn i.

Smelteverksarbeidar og første perioden som tillitsvald fagforeiningsmann

I 1959 starta Jan Ringstrand tilværet som fast smelteverkstilsett i packing-avdelinga. Det vil seia at det første tiåret hans innom fabrikkportane fall saman med den perioden i smelteverkssoaga som blir nemnt som tiårskrigen. Den turbulente tida var prega av produksjonsauke og nedbemanningsproblematikk, av beinhard lønspolitikk og klasseskilje med nedverdte privilegier. Eit forsurende element i dette var eit samarbeidsklima mellom leiding og arbeidarar som verka fastlåst og konfliktskapande. Med tanke på å skapa sunne voksterkår for både det ytre og indre arbeidsmiljøet, syntest motbakkane då å vera harde og mange. Difor var det ikkje overraskande at bedrifta i løpet av tiåret måtte gjennom to krevjande arbeidskonfliktar, ein lovleg streik i 1962 og ein tariffstridig i 1970.

Gjennom desse åra var Jan Ringstrand engasjert medarbeidar. Han markerte seg tidleg som fagorganisert. Då han kom tilbake frå militærtjeneste i 1963, blei han valt som tillitsmann for packing-avdelinga. Han arbeidde der fram til 1969 då han skifte til den mekaniske verkstaden og fekk sidan arbeidsdagane sine der. På den tida tok han og fagprøven som platearbeidar. Verkstaden var ein av dei store avdelingane på smelteverket med om lag 150 stk. som arbeidde dagtid. Eitt særtrekk ved denne arbeidsstaden var stor rekruttering til leiarskiktet i fabrikkarbeidarforeininga. Ein kan sakte lura på om dette kvilte på tilfeldige faktorar, eller om ein i desse lokala fekk betre høve til refleksjon og meiningsbryting som så førte til auka engasjement og kompetanse. Som ivrig fagorganisert med glødande og radikalt politisk tankegods i verktøykassen var det ikkje så underleg at Jan Ringstrand alt i 1969 blei valt inn som styremedlem i Sauda Fabrikkarbeiderforeining. Året etter blei han studieleiar. Dette var starten på dryge tjue år i leiinga av foreininga; men ikkje heilt samanhengande. I samband med 1970-streiken og i mesteparten av 70-åra var han ute av styret, men gjennom 80-åra og fram til 1998 då Terje



Jan Ringstrand som deltakar på LO-skulen i Sørmarka tidleg på 1970-talet. Jan ståande lengst til høgre.
(Eigar: Jan Ringstrand).

Valskår overtok, var han med i leiinga, i ti av dei som leiari. Det var truleg ikkje tilfeldig at Ringstrand blei valt inn i fagforeningsstyret om lag samtidig med at Olaf Solberg kom med i leiarskiktet. Med Solberg i førarsetet frå 1970 blei ein tradisjonell Ap-dominans broten. SFAF tok nokre politiske venstresteg der det radikale tyngdepunktet i styret blei lagt til venstre for Ap. Leiari og nestleiari var SF-medlemmer. Sekretæren var tidlegare SF-ar, men hadde konvertert til AKP-ml og var med andre ord Jan Ringstrand sin partikollega. Marxistane sette sitt preg på styrearbeidet. Generelt var det viktig for styret å følgja reglar og vedtekter for på den måten å vinna tillit og respekt og ha større sjanse for gjennomslag for sakene som blei reiste. Leiaren gjennom ti år, Olaf Solberg, var ein sterk talsmann for den lina. Marxistane definerte seg inn i ein friare rolle i høve til sentralt fatta vedtak. Frå venstre flanken sin såg dei det som ei hovudoppgåve å reisa saker som dei meinte var viktige og nødvendige, og dei veik ikkje unna om dei på den måten kunne

ruska opp i kontroversielle tema. Dei ønskte seg ein fagforeining som i større grad var kamporganisasjon enn tilfellet var, og dei ville ha levande politisk diskusjon som fann rom for både den fag- og samfunnspolitiske debatten.

Jan Ringstrand er kritisk til den avideologiseringa som fagforeiningane var gjennom frå 1960-talet og framover mot 1980-talet med det som resultat at den samfunnspolitiske diskusjonen tørka bort. Marxistane ønskte debatt, og dei kom med innspel og resolusjonsforslag, ikkje minst i tida fram mot 1970. Ved å leggja seg på så høgt aktivitetsnivå, blei dei svært synlege i det fagpolitiske landskapet og blei av mange oppfatta som eit uromoment som søkte makt.

Jan Ringstrand avviser ein slik tanke. Det var ikkje behovet etter makt som var den grunnleggjande drivkrafta bak marxistane sitt arbeid; men meir å kjempa gjennom sakene dei såg som viktige og nødvendige. For dei var sakene viktigare enn systemet og

spissa seg inn mot eit meir rettferdig lønssystem og avskaffing av privilegier og diskriminerande klasseskilje.

Desse problemstillingane toppa seg i den tariffstridige streiken i 1970. Då blei ho broten den fredsplikta som dreidde seg om det å ikkje streika lokalt. I dag uttrykkjer Jan Ringstrand at det var godt at nokon den gongen sette foten ned og tenkjer i første rekke på Kjell Pettersen. Omnshusarbeidarane var blitt hangande etter i lønsutviklinga. Dei nådde ikkje fram med lønskrava korkje lokalt eller sentralt. Det dreidde seg i første rekke om bonus- og garantiordningar. Frustrasjonen breidde om seg. Når det så var nokon som våga å seia hit, men ikkje lenger, var det gneisten som tende kampglød og innstilling. Men frustrasjon åleine er ikkje nok til å driva gjennom ein streik. Til det trongst det ein tydeleg leiari, og han fekk dei i Kjell Pettersen. Ringstrand peikar på Pettersen som fantastisk fagforeiningsmann, som framifrå agitator og talar. Men han mangla ein balanse i livet sitt som gjekk ut over han sjølv og familielivet hans. Ein kompliserande faktor for han blei etter kvart pressa som var mest oppteken av at han tilhørde den nye politiske venstresida som nørte fram såkalla "ville streikar".

Jan Ringstrand og nokre til trekte seg frå styreverva i SFAF og gjekk inn i streikekomitèen. Der blei Ringstrand mellom anna sentral i diskusjonane om korleis streiken strategisk skulle gjennomførast.

Resultatet av den fem veker lange streiken er framleis diskusjonstema. Kva vann ein, eller snakkar me om tap? Om ein reknar i kroner og øre, som var utgangspunktet for streiken, vedgår Ringstrand at ein nok ikkje på kort sikt oppnådde nokon økonomisk gevinst. Men i eit lenger tidsperspektiv opna streiken for gunstig utvikling innan fleire sentrale felt på smelteverksbedrifta, særleg med tanke på samarbeidsklima, klasseskiljeproblematikk og framvekst av bedriftsdemokrati.

Nye oppgåver

Som nemnt gjekk Jan Ringstrand frå fagforeiningsstyret og til streikekomitèen i samband med streiken i 1970. Han blei valt inn att for eit par år frå 1972, men i perioden 1974-1980 var han utanfor styret i SFAF. Men engasjementet hans for viktige fagforeiningssaker var like sterkt. Særleg brann han for likestilling mellom arbeidarar og funksjonærar på smelteverket. Endå om ein i 1971 kunne lesa i bedriftsavisa at "det tradisjonelle skille mellom arbeidere og funksjonærer etter hvert er blitt mindre, og vi nærmer oss full likestilling mellom alle grupper ansatte," blei dette av mange oppfatta som idyllisering og grov overdriving. Realiteten var at likestilling blei ei viktig og tung sak for fabrikkarbeidarforeininga gjennom heile 1970-talet. Mellom anna blei det oppretta eit arbeidsutval som skulle greia ut om likestillingssakene. Desse sakene omfatta fastlønsspørsmålet, permisjonsordningar, tilsetjingstilhøve, sjukelønsordning, stemplingsaka, disposisjonsretten til festlokalet "Klubben" og bustadordninga. På alle desse områda eksisterte det ein praksis som favoriserte funksjonærane.

Kampen mot bedrifta sin bustadpolitikk blei ei av dei store fagforeiningssakene på 1970-talet, og i den kampen stod Jan Ringstrand sentralt. I 1976 kom han med i eit utval som skulle kartleggja bustadsituasjonen og fremja forslag til nye retningsliner for tildeling og vedlikehald av bustadene i Åbøbyen. Eksisterande praksis var sterkt diskriminerande i høve til arbeidarane. Den som hadde status som funksjonær var derimot nærast garantert å få tildelt større og betre bustad. Dette året blei det også sett fokus på bedrifta sine retningsliner ved sal av bustader som ho åtte. Arbeidet mot rettferdigare ordningar gjekk seint framover. Ein kompliserande faktor var samanhengen med verksemda sine konsesjonsvilkår. Årsmeldingane gjennom fleire år reflekterer at fagforeiningsrepresentantane sleit tungt i "Boligkomitè"-arbeidet, men at dei bidrog til eit betre og meir rettferdig system. Formuleringane i

1978 signaliserte Jan Ringstrand sin posisjon i dette arbeidet. Då heitte det at ”det er grunn til å gi honnør til Jan Ringstrand og utvalget for måten de har jobba på.” Vidare kjem det fram at han var ei drivkraft i komitè-arbeidet også i tida etter at han gjekk over i andre funksjonar i SFAF seint på 1980-talet. I 1979 rapporterer Jan Ringstrand at funksjonærane framleis hadde forrang i tildelinga av bustader. Det hende at toppleiinga gav husvære til høgare funksjonærar utan å gå vegen om komitèen. Også innan egne rekker var det ulikt syn på korleis ein skulle fordela og kven som skulle prioriterast i bustadkøen. Mellom anna var det manglande forståing for behova til sosialt vanskelegstilte, pensjonistar og enkjer. Kring 1990 var likevel ”Boligkomitèen” kome svært nær dei måla ein hadde arbeidd mot. Noko tidlegare hadde Jan Ringstrand formulert nokre av dei verste synspunkta dei stridde mot: ”En av fordelene med å sitte som medlem, er å høre argumentene fra dem som kalles ”folk med ansvar”, men vi prøver da å imøtegå disse på beste måte.”

Som drivande kraft i ”Boligkomitè”-arbeidet blei Jan Ringstrand ei viktig brikke i likestillingsprosessen ved Sauda Smelteverk gjennom 1970-åra. I det same tidsrommet var han i tillegg aktiv i vedlikehaldsgruppa på fabrikk, både som sekretær og formann. I 1981 var så tida komen for ein ny periode i hovudstyret for SFAF. Men før me går nærare inn på det, stoppar me ved ei dramatisk hending i 1974.

Nære på

Då opplevde Ringstrand den brutale kjensgjerninga at smelteverksarbeid ber i seg høg risiko og kan føra til dramatiske situasjonar. Han arbeidde med tapping i omn 11 i omnshuset då det oppstod eit såkalla blautbrot der det danna seg elektrisk trykk mellom flytande og herda masse. CO-gass pressa seg opp i den store elektroden som har diameter på 1,5 m og der ein gneist fekk massen til å eksplodera. Jan stod ganske nær og blei kasta opp på siloen og landa på armeringsmattar som låg der.

Det skumle i ein slik situasjon er at det blir kvervla opp støv som kan antenna kolstøv som ligg tjukt lagra på bjelkane. Dette skjedde heldigvis ikkje. Det blei stummande mørkt i rommet, men han klarte å ta seg bort til døra, skimta lys frå den kanten og berga seg på den måten bort frå det farlege arbeidsområdet. Resultatet blei skade på venstre auga og i andletet og ei sprengt trommehinne. Men marginane var små, og ulukka kunne fått eit langt meir fatalt utfall.

Inn att i hovudstyret og så leiar

I 1981 blei Jan Ringstrand valt inn att i hovudstyret i SFAF, og der hadde han plass fram til 1998; som leiar i ein tiårsperiode frå 1987. Tida kring 1980 representerte eit slags vass-skilje i bedrifta og fagforeininga si søge. Verket fekk norske eigarar med Elkem Spigerverket i førarsetet. Medan 1970-åra var prega av tøffe forhandlingar mellom partane, gjekk ein dei neste 20 åra over til ei samarbeidsline der utgangspunktet var at det skulle byggjast på respekt og tillit mellom leiing og arbeidstakarar. Perioden bar i seg strukturendringar og nedbemanningsproblematikk. Den politiske plattformen for fagforeiningsstyret var framleis forankra til venstre for Ap. I 75-årsberetninga til SFAF kan me lesa at ”den folkelege marxisten og antipampen Jan Ringstrand, medlem av streikekomitèen i 1970, var fagforeiningsformann i ti år, i den tida då det Elkem-eigde smelteverket for fullt satsa på samarbeids- og inkluderingsstanken”. I 75-årsberetninga les me vidare at dette var tida då tillitsmannsapparatet ”blir så å seia den nye personalavdelinga, medan den gamle blir sett til å arkivera alt som er laust, og deretter seg sjølv”, som Kjartan Fløgstad uttrykte det.

I høve til 1970-åra var det såleis mykje som hadde forandra seg på verket då Jan Ringstrand gjennomførte leiartida si. Samarbeidsklimaet hadde endra seg til det betre. Den tida var komen då ein prøvde å landa det som hadde vore kampsakene for SFAF i tiåra før. Grovt sett klarte ein også det. Kjernesaker

fekk gode løysingar. Stemplingsur og praksis forsvann. Arbeidarane blei representerte i råd og utval. Funksjonærprivilegia dunsta bort. Likestillingsvisjonen var i ferd med å bli realisert.

Det gledelege i dette må likevel blandast i eit beger der det også flaut malurt. I eit nært samarbeid der leiing og arbeidstakarar opererer som likeverdige partar, ligg det ein verdfull bonus i det å bli tilført ansvar og påverknadskraft. Men det følgjer eit tveegga sverd med på lasset. Samarbeid forpliktar og kan lett avgrensa handlingsrommet til fagforeiningane målt opp mot det som var kamporganisasjonen sin tidlegare praksis. Jan Ringstrand understrekar det umoglege som ligg i det å brøla på barrikadane i eine stunda, for så å samarbeida nært med makta i den neste. Med samarbeids- og hovudavtale i fagforeiningsporteføljen og i tillegg lokal fredsplikt som innarbeidd prinsipp i arbeidslivet, førde dette til tettare band mellom leiing og tillitsvalde. På den andre sida auka sjansane for å få gjennomført aktuelle krav.

Jan Ringstrand ser seg tilbake og summerer kva som blei landa på "hans vakt". Ganske fornøgd listar han mellom anna opp resultatene som blei oppnådd i "boligkomitèen". Det vanskelege forholdet til Sør-Afrika blei og avslutta i hans tid og avløyst av betre avtale, og ikkje minst det at ein kom gjennom tøff nedbemanning utan å måtta seia opp folk, gler han seg over i dag. Nedbemanningsproblematikken såg han som svært krevjande. Frå 1970 til hundreårsskiftet gjekk talet på tilsette ned frå 931 til 362. Samstundes gjorde den teknologiske utviklinga trass i færre smelteomnar det mogleg å setja stadig nye produksjonsrekordar. Såleis blei teknologi og nedbemanning to sider av same sak. Men der teknologiutviklinga skapte rekordforhold med tanke på smelta malm og økonomisk utbytte, representerte nedbemanninga samstundes ei årelating av menneskelege ressursar på verket som reiv grunnen under industrialismen som

sosialpolitisk system. Ringstrand held fram kor viktig og vanskeleg det var å finna balansen mellom desse to variablane. Nedgangen i talet på tilsette verka sterkt inn på fagforeiningsarbeidet. Medlemsengasjementet minka. Fagforeiningsmøta blei fylte av lønsprat og kompetansediskusjonar. Den politiske dimensjonen forvitra. Som følge av ei smelteverksutvikling som i aukande grad handla om både færre tilsette og omnar, blei det ei hovudoppgåve for dei tillitsvalde å halda på folk. Fagforeininga blei driven inn i ein defensivt prega kamp.

Når bedrifta likevel kom gjennom denne vanskelege perioden utan broten rygg, heng det ikkje minst saman med at sosialdemokraten Stein A. Ytterdahl blei tilsett som direktør på 1990-talet. Han klarte kunststykket å på same tid effektuere beinharde nedbemanningskabalane som han blei invitert til å gå i fagforeiningstoget frå fabrikk til folkemøtet på rådhusplassen der han heldt appell for å bevare sjukehuset i industribygda. Slikt ville ha vore utenkjeleg nokre tiår før. At det likevel kunne skje, heng saman med samarbeidsklima og personar. Og i ein slik analyse stig Jan Ringstrand fram som ei sentral brikke. Han hadde vunne tillit, åtte evne til strategisk tenking og var på leit etter realistiske løysingar. I den oppheta kampen der striden stod om å bevare Sauda sjukehus eller å «strippa» det for grunnleggjande funksjonar, klatra Ringstrand igjen opp på barrikadane. Han såg det viktige i å få direktøren med i fagforeiningstoget og ante symboleffekten ein appell frå han ville ha. Det synleggjorde dei nære sambandslinene som fanst mellom smelteverk og sjukehus og sette fokus på det livsviktige i å ha eit operativt sjukehus nært tilgjengeleg.

Og sidan me alt har våga oss utom fabrikkportane; hendinga på rådhusplassen blir også eit vitnemål om Jan Ringstrand sitt engasjement for lokalsamfunnet han levde i, og som strekte seg ut over verksemda på Sauda Smelteverk. Dette blei ikkje minst synleg då spørsmålet om tilrettelegging av fleire sjukeheims-



Nestleiar i SFAF, Jan Ringstrand, på kontoret i 1986. Norsk handelsboikott av Sør Afrika var då brennheitt tema. I fagforeininga var dei usikre på kva konsekvensar ein boikott ville få for Sauda smelteverk.
Foto: Terje Størksen / Stavanger Aftenblad

plassar kontra bygginga av omsorgsleiligheter kom på den kommunale dagsordenen. I den saka stilte Ringstrand opp på same side som mellom anna Helga Botnen og Kolbjørn Øygard som såg styrkinga av sjukeheimplassar som det beste tilbodet for den aldrende folkesetnaden som auka sterkt i Sauda.

Men heller ikkje denne perioden i smelteverkssoga med Jan Ringstrand som fagforeiningsleiar, var ein rosedans åleine. Saker toppa seg undervegs med klare frontliner. På slutten av 1970-talet var det politiske streikar mot regjeringsvedtak; i 1978 mot vedtaket om løns- og prisstopp, året etter mot tilhøva i den elektrokjemiske industrien. I 1993 blei det så for første gong

etter 1970 streika mot tilhøve under eigne fabrikketak. 16. desember det året blei det gjennomført fire timar tariffstridig streik som retta seg mot å bruka bemanningskutt som det beste og einaste middelet i kampen for å kutta kostnader. Elles engasjerte Jan Ringstrand seg sterkt i samarbeidsavtalen med Sør-Afrika midt på 1980-talet, som nemnt. Der handla det om kampen mot apartheidregimet og Noreg sine boikottplanar mot Sør-Afrika. Dette greip inn i forholda på Sauda Smelteverk som på den tid var avhengige av malmen frå Sør-Afrika. Problemet blei løyst då apartheidregimet blei oppløyst. Ei anna kjernesak med Olaf Solberg og Jan Ringstrand som viktige aktørar, var framarbeidinga av strategidokumentet frå 1991 der Elkem sin gullkanta kraftavtale var hovudtema. Der handla det om sjølve livsnerva i smelteverkstilværet.

Fotball, hopping og fiske

Mykje av livet til Jan Ringstrand har dreidd seg om arbeid og engasjement kring smelteverksdrifta. Men i tillegg har det dreidd seg om mykje meir. Pensjonisten fortel levande om kor naturleg det var med idrettsaktivitetar i Åbøbyen-miljøet, og at det låg best til rette for fotball om sommaren og skihopping i vinterhalvåret. Litt av bakgrunnen var mange lokale førebilete som dreiv fram interessa. I fotballen var det i første rekke Mathisen-brørne som merkte seg ut. Kjell blei vidgjeten tanksenter på Ulf etter at han flytte til Sandnes. Han var ikkje den spelaren som sprang mest, men var kraftig og sterk og skaut som ein hest sparka, blei det fortalt. Det går endå rykte om korleis han skaut målnettet i filler. Men det var nok brøren, Alf, som likevel var det største fotballtalentet og som blei idealet for mange. Han flytte til Sørlandet, hadde format til å spela på høgste nivå, men kom aldri der. Det gjorde derimot sonen, Svein eller Matta som han helst blei kalla, som blei legendarisk Start- og landslagsspelar og eminent humørspreidar. Av skihopparane var det Jon og Rolf Helle og Lunde-brørne som vann seg det største rommet og inspirerte mest.

Sjølvs blei Jan tidleg fanga inn av fotballen. I guttedagane var det på fotball-løkkene i Åbøbyen kampane utspelte seg. Som juniorspelar seinare kom han med i organisert trening på Sauda stadion. Som 15-16-åring blei han sett på som eit fotballtalent, men fortel at han stagnerte etter kvart. Men fotballen blei ein kjekk og lidenskapeleg hobby for han i mange år. Han spelte i forsvar, mest som stødig sideback. I mange år var han fast inventar på Sauda-laget, men gjekk etter kvart over til bedriftsfotballen. Og der var han aktiv like til den dramatiske ulukka i 1974 der han fekk øydelagt djupsynet på eine auga som igjen førte til at han laut setja punktum for ei vidare fotballkarriere.



Fotballspelaren Jan Ringstrand i mål på «kosekamp» saman med dei tidlegare lagkameratane Alf Ole Johnsen og Sverre Magnus Sivertsen. (Eigar: Jan Ringstrand).

Om vintrane dreidde alt seg om hopping. Dei aktive laut gjera alt førebuingararbeid sjølve, så det var ikkje så mange hoppa dei fekk tid til å gjennomføra kvar kveld. Men dei som var aktive, opplevde å få hoppa i dei største lokale bakkane og presterte lange svev der. Jan var aktiv med hoppskia fram mot 20-årsalderen. Han karakteriserer seg som ein middels god hoppar, og dreg fram andreplassen i juniorklassen i ein fylkeskonkurranse som karrieretopp.

Til liks med mange andre i Sauda var Jan Ringstrand alt frå guttedagane glødande interessert i fising. Ein kan sakte lura om

det finst ein hemmeleg kode som fører tillitsvalde i fabrikk- arbeidarforeininga fram til sentrale verv i den lokale jeger- og fiskeforeininga. For dette har nemleg vore ein samnemnar gjennom mange år. Såleis finn ein også Ringstrand sitt namn i styreprotokollane alt frå 1960-talet, ikkje heilt samanhengande gjennom alle år, men i lange periodar. Mellom anna har han vore styremedlem dei siste 20 åra og er framleis engasjert med. Om det skulle finnast nokon spesiell link mellom styreverv i Sauda jeger- og fiskeforening og SFAF, har ikkje Jan Ringstrand noka sterk oppfatning av, men stiller seg heller avslappa til spørsmålet. For sin eigen del var det spenninga fiskinga førte med seg, det herleg avslappande som pirra og drog og skapte in-



Jan på dugnadsarbeid i Sauda jeger- og fiskeforening på Klekkeriet. (Eigar: Jan Ringstrand).

teresse. Ei anna side var det å kunna halda på med noko anna enn det faglege. Og så kjem det til, at Sauda-bygda byr på variert natur frå fjord til fjell med fiskevatn plassert i alle retningar.

Fiskeinteressa er intakt, og han kosar seg framleis med stong og sluk. Likevel er det blitt lenger mellom fisketurane. Noko av forklaringa ligg i fiskestoppen som blir praktisert i Sauda-elvane no. Det fører til at ein må køyra til nabobygder og elvane der for å dra laks og aure på land. Og då er me framme ved ein terskel som gjer at Jan Ringstrand ikkje så lett gir seg ut på slike fisketurar.

Billaust liv

Han kan slå i bordet med noko så sjeldsynt i våre dagar som aldri å ha hatt korkje bilsertifikat eller bil. Det er ikkje så mange av dei no. Men ein dag møttest to som nesten var likemenn. Då den markante Stavanger Aftenblad-redaktøren Thor Bjarne Bore var på Sauda-besøk, kom han i prat med Jan Ringstrand. Under samtalen kom det fram at Bore ikkje hadde bilsertifikat, og Ringstrand kunne supplera med at det hadde heller ikkje han. Men så la han til: "Jeg vedder på at du har ei kone som kjører bil." Ja, Bore laut vedgå det, og han blei visst litt paff då Ringstrand heldt fram: "Men det har ikke jeg." Så dei var ikkje heilt på lik line likevel, dei to.



Jan Ringstrand i smelteverkskantina. Biletet er tatt av Jack Fjeldstad, skodespelaren som blei ein nær ven. (Eigar: Jan Ringstrand).

Ekteparet Ringstrand levde gode liv utan bil. Det var ikkje sjølvstakt at det skulle bli slik. Som 18-åring tok han sertifikat for stor motorsykkel og skaffa seg sykkel. Han hadde nokre herlege år der han farta rundt, men, som han uttrykkjer det: "Da jeg var kommet gjennom den greia", var han liksom ferdig med fart og hestekrefter. Det naturlege ville vore å fylgja opp med å ta bilsertifikat. Men det skjedde aldri. Jan og Liv loste barnefamilien gjennom viktige år utan bil i garasjen. Det blei likevel gode år, endå Jan i dag vedgår at det nok kunne vore greitt med bil i den tida med påfølgjande familieturar.

Dette er altså bakgrunnen for at me i dag ofte observerer Jan Ringstrand syklande til ulike gjeremål i Sauda-gatene, og som også gjennom det er blitt eit markant trekk i bybiletet.

Kulturberaren

Jan Ringstrand vaks opp med navlestrengen trygt forankra i industrialismen sitt sosialpolitiske nettverk. Det var derfrå han saug næring og utvikla seg. Men han opplevde også industrialismen koma på sotteseng og forvitra som system, slik Kjartan Fløgstad har uttrykt det. Då streiken i 1970 var over og mange av dei politisk radikale reiste ut fjorden bort frå industri-staden, var Jan Ringstrand ein av dei som førte radikale tra-

inn for å ta vare på avtrykka industrikulturen hadde skapt i industribygda. Det skjedde både i tida hans som fagforeningsleiar på smelteverket, då han starta arbeidet som leiar i Sauda Bedriftsservice og i den påfølgjande tida som pensjonist.

Han såg klårt det kulturelt verdfulle arbeidarrørsla hadde kjempa fram; ikkje minst innan song, musikk og revy forankra i kraftfeltet som ligg tett mot viktige politiske saker, men og i det som hadde nedfelt seg i referat og protokollar. Difor blei han ein krumtapp i arbeidet for Sauda Lokalkonkord, i arbeidet for å ta vare på amerikabyen i Åbøbyen og i arbeidet for å ta vare på Det Nye Folkets Hus. Den kulturelle interessa hans avgrensa seg ikkje

berre til liv og virke som knytte seg til industri og smelteverk, men strekte seg også til å gjelda ei vidare lokalhistorisk interesse som førte til engasjement i Sauda sogelag. I sum kvalifiserte dette han til Sauda kommune sin kulturpris i 1998.



disjonar vidare inst i fjorden, gav dei eit folkeleg uttrykk, skapte tillit og respekt. Industriutvikling med hovudfokus på konkurranse, økonomisk botnline og forteneeste dreiv fram ny teknologi som førte til produksjonsrekordar, men med tøff nedbemanning i fotefara. I ein slik prosess er det naturleg at interessa for det som har vore, vaknar, at vilje til å ta vare på og føra vidare til nye slekter veks fram. Det synest som Jan Ringstrand er eksponent for nett dette. Jan Ringstrand sette krefter

Mikkis Theodorakis hadde eit stort hjarte for arbeidarrørsla og den folkelege krafta ho bar i seg; og for Sauda. I 1996 sette han opp ein stor konsert på smelteverket i samarbeid med Bent Lindekleiv. Frå venstre: Fru Theodorakis, Mikkis Theodorakis, Jan Ringstrand og Terje Valskår. (Eigar: Jan Ringstrand).

Ettertanke

Kva for eit menneske stig oss i møte når me let fortid og notid flyta saman og ser oss over aksla?

Framom alt er det den engasjerte Jan Ringstrand me treffer. No pensjonist og framleis tett på det som skjer rundt han, men samstundes kan han sveipa bakover i tid og gi farge til episodar og personar. Levd liv har skapt oversikt og samanheng.

Han vel å vera optimistisk på Sauda sine vegne og håpar smelteverket er liv laga, og at stolte industritradisjonar kan vidareførast. Etter hans syn treng me også i tida framover smelte- og aluminiumsindustri driven med rein energi.

Om me prøver å lodda oss fram til grunnfjellet hos denne mannen på leit etter forpliktande verdiar, kva finn me då; hos han som er hoggande nær å vera sjølv inkarnasjonen av mantraet for den politiske venstresida på 1970-talet der det store var å vera i arbeid, å vera på "gølv"? Jan Ringstrand sit ørlite medan blikket sveiper over hustaka i Parkveien, for så å venda raskt tilbake på direkte med eit uttrykk smelta saman av alvor og smil. Og så kjem det med tyngde: "Det må bli solidariteten i arbeiderbevegelsen, helt klart; nasjonalt og internasjonalt!"

Det fell ikkje vanskeleg å tru han på det.

KJELDER.

Drange, Ernst Berge: «Mænd som ved hvad solidaritet er». Sauda Fabrikkarbeiderforening 75-årsberetning. 1999.

Fløgstad, Kjartan: «Arbeidets lys». 1990.

Sauda Fabrikkarbeiderforening gjennom 50 år. 1974.

Vetti, Torgeir: Sauda jeger- og fiskerforening 1945-95. 1995.

Våga, Finn E.: «De unge slekter.» 1993.

Samtalar med Jan Ringstrand.